

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/8776-2

## **Søknad om fritak frå verv - Jorunn Ringstad - eventuelt suppleringsval**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Jorunn Ringstad får fritak frå vervet som medlem i kontrollutvalet for resten av valperioden 2015 – 2019.

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slik tilråding:**

### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vel som nytt medlem i kontrollutvalet etter Jorunn Ringstad: .....

#### Vedlegg:

Brev frå Jorunn Ringstad av 04.11.16.

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Reglementet for kontrollutvalet

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget valde i sak 42/15 Jorunn Ringstad som medlem av kontrollutvalet for valperioden 2015 - 2019. Ho har no søkt om fritak frå vervet, jf. vedlagte ikkje-offentlege brev.

Fylkesutvalet har mynde til å avgjere fritakssøknaden frå Ringstad, jf. fylkestingssak 27/97. Viss fylkesutvalet innvilgar søknaden, må fylkestinget velje ny medlem i kontrollutvalet.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### **2.1 Fritakssøknaden:**

Fylkesutvalet kan etter søknad fritta, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, «den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet», jf. kommunelova § 15, nr. 2.

Fritakssøknaden frå Ringstad er knapp. Ut frå fylkesrådmannen sitt kjennskap til forholda legg eg likevel for det første til grunn at fritaksgrunnen ligg innanfor ramma av kommunelova § 15, nr. 2, og for det andre at det er rimeleg å innvilge søknaden. Eg tilrår difor at fylkesutvalet gir Ringstad fritak frå vervet i kontrollutvalet for resten av valperioden.

#### **2.2 Eventuelt suppleringsval:**

Dersom fylkesutvalet følgjer tilrådinga til fylkesrådmannen, må fylkestinget sjølv velje ny medlem i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 16, nr. 3. Medlemeren må veljast «fra den same gruppe som den uttredende tilhørte». Den aktuelle gruppa (parti- eller listegruppa) kan sjølv utpeike den som skal veljast og underrette fylkestinget om kven som er nominert, jf. § 16, nr 6.

Reglane om kjønnsmessig representasjon må følgjast. Når ein ser vekk frå Ringstad, er det tre menn og éi kvinne blant dei faste medlemene i kontrollutvalet. Fylkestinget må difor velje ei kvinne.

Ingen av medlemene i fylkestinget kan veljast, jf. reglementet for kontrollutvalet § 2. Av den same føresegna følgjer det at «(d)et bør ... leggast vekt på å få medlemmer og varamedlemmer med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet».

Forutan medlemmer av fylkestinget, kan fylkestinget heller ikkje velje medlem eller varamedlem av fylkeskommunal nemnd med avgjerdsmynde, medlem eller varamedlem av fylkestingskomite, eller tilsette i fylkeskommunen, jf. kommunelova § 77, nr. 2. Derimot er det ingenting i vegen for å velje ein av dei noverande varamedlemene i utvalet som ny fast medlem.